


# Velkommen til 1. og 2. klasse



Håpar alle har hatt ein fin sumar og er klar til å byrja på nytt arbeidsår på skulen. Eg gler meg til å vera i lag med mine «gamle» elevar om no er vorte 2. klassingar, og til å verta kjend med dei nye 1. klassingane. Eg trur me skal få det kjekt i lag.

Her kjem litt praktisk informasjon, spesielt for dei nye, og repetisjon til dei gamle elevane.

**Bytekle:** Elevane har kvar si korg som står i klasserommet til å ha kle frå topp til tå i.

**Gul perm:** Ligg i sekken, der får de diverse skriv heim, viktig å sjekka denne kvar dag.

**Meldebok:** Skal du ha ein dag permisjon, eleven har vore sjuk o.l. skal det gjevast melding i denne. Ved søknad om lengre permisjonar må de søkja rektor.

**Uteskule:** Me går ut i all slags ver, så hugs å kle borna etter veret. Regnkle/støvlar o.l. kan hengja på skulen om de vil det.

**Friminutt:** Elevane er ute og treng kle etter veret her og. Om regnkle /kjeledressar/støvlar er på skulen, er det lettare ved raske verbytte.


**Vekeplan:** Her står lekser og annan info. Etter kvart vil det stå eit eigenvurderingsskjema som de og eleven skal kryssa ut og levera underskrive siste fredagen i planperioden.

**Lekser:** Viktig at de m.a. les saman med eleven, sjekkar at leksene er gjort og at pennalet m.m. er i sekken når eleven går om morgonen.

**Gym:** Me har gym annakvar fredag, (leik annakvar fredag). Elevane byter ikkje til gymkle, men det er viktig at dei enten går berrfot eller har antisklisokkar på.

Meir info kjem...

Helsing Liv V.



# INFO OM EIGENVURDERINGSSKJEMAET MED VEKEPLANEN.

Med vekeplanen framover vil det koma eit skjema der det står læringsmål med kriteriar som skal til for å oppnå måla.

Læringsmåla er inndelt i 3 ; Raudt: I startgropa, : Undervegs og Grønt: I mål.

Set kryss i ruta under det kriteriet eleven passar best under.

Me har fått pålegg om å bruka og senda dette skjemaet heim til dykk. De må , saman med eleven, finna ut kva eleven kan i høve til skjema, og kryssa ut i rett ruta. Når planperioden er over, samlar eg inn skjema, har dei i eiga mappe for kvar elev og brukar dei til vurderingane gjennom året.

Litt meir info:

**Utedagen:** De treng kun ta med pennal av skulesaker, og berre uteskulesekken.

**Obs!!** Dei som skal ha leksehjelp må sjølvsagt ha med bøker til den.

Dersom noko er uklårt, ta kontakt.

Foreldremøtet vert mest truleg i midten av september.

Helsing Liv V.

# Info om foreldresida på It's learning.

Minner om foreldremappa på It's learning. Her vil me leggja ut fagplanar og anna info til heimen. Når det gjeld fagplanane i norsk, engelsk og matematikk, vert dei lagt ut etterkvart som me har sett opp kriterier for måloppnåing i kvart emne me gjennomgår. Dette er nytt av året. På foreldrerådsmøtet vert det orientert meir om dette arbeidet.

Brukarnamn: 1.-2.trinn

Passord: livsdisiplar

Eg kjem attende til elevane og deira passord litt ut på hausten.

Helsing Liv V.